



HANDBALL-
GRUPPA
6090 Fosnavåg

HOVEDSPONSOR:



6090 FOSNAVÅG,

Å R S M E L D I N G
F O R
H A N D B A L L G R U P P A B . I . L .

1985 - 1986

ARSMELDING FOR HANDBALLGRUPPA B.I.L 1985/86

Styret har i perioden hatt slik samansetjing:

Jorunn Aasen, formann
Pål Djupvik, nestformann
Lisbeth Moltu, kasserar
Berit Skjelsvik, sekretær
Britt Berge, styremedlem
Martin Slåttelid, styremedlem
Gunn Johansen, styremedlem

Dag-Harald Igesund, varamedlem
Gunnar Myklebust, varamedlem.

Styret har hatt 9 møter i perioden, der tilsaman 55 saker har vore handsama.

I sesongen 1985/86 hadde handballgruppa 9 lag (J-14 hadde A og B lag). Dessutan har vi hatt 20-30 gutar og jenter 8-10 år som ikkje har vore med i serien (minihandball).

Damelaget vart krinsmeistrar i 5. div. og rykte dermed opp i 4 divisjon.

G-16 vart krinsmeistrar, G-14 vart nr. 2 og J-14 A vart nr. 3 i sine klasser.

Med så gode resultat i aldersbestemte klasser gir dette von om god rekruttering til seniorlaga.

G-16 deltok også i Norgesserien.

Sjølv om gutane ikkje greide å hevde seg heilt i toppen i denne serien, var det ei god og nyttig erfaring å få lov til å spele mot nokre av dei beste laga i landet.

I samband med Norgesserien fekk handballgruppa arrangere 2. runde, den 19. og 20. oktober 1985. Denne helga fekk vi sjå mykje fin handball i Herøyhallen, og det var publikumsrekord.

Mange av dei som var med på G-16 laget har no gått over til herrelaget.

2. februar 1986 arrangerte handballgruppa Mini-Cup turnering med god deltaking.

21. juni 1986 arrangerte handballgruppa turnering for herrelag. 8 lag var med.

Bergsøy-Cup vart avvikla for 10. gong dette året. Det var som vanleg i månadsskiftet august/september. 17 lag var påmelde, 11 damelag og 6 herrelag.

Ørsta vann dameklassa, og Rollon vart, nok ein gong, vinnar av herreklassa.

Laurdag, den 6.9.-86 arrangerte vi for første gong Sparebank-Cup for aldersbestemte klasser.

Berre 9 lag melde seg på. Dette skuldast at laga ikkje var kome i gang igjen etter ferien. For seinare år bør vi arrangere denne cupen 1-2 veker seinare (slutten av september).

Bergsøy vann begge klassene.

Minispelarane har deltatt i turneringar i Volda og Spjelkavik.

I april 1986 deltok G-16 og J-16 i Stranda-cup på Stranda. G-16 vart nr. 2 i denne turneringa.

I Spjelkavik-cup 7. og 8. juni deltok J-12, G-12, J-14 og G-14.

I Rosecupen på Molde, den 14. og 15. juni 1986 deltok 2 lag J-16, G-16 og G-18.

I august 1986 (15.-17.) var J-14 og G-14 på Toten for å delta i Starum-cup. Dette var ei stor turnering med mange deltakande lag. Fin tur og kjempebra arrangement.

G-16 spela kvalifiseringskampar for om mulig å greie å kvalifisere seg for Norgesserien nok ein gong, men denne gongen vart dei utslått på målforskjel.

I september var G-18 i Sjøk for å spele kvalifiseringskampar for Norgesserien. Dei vart utslått.

Pr. dato har ikkje Bergsøy dommarar.

Grunnen er at dei dommarane vi har er aktive spelarar og trenarar. Dei har måtta prioritere, og då har dømninga gått ut.

Det er svært beklagelig både for klubben og kretsen at vi ikkje kan stille dommarar.

Trenarsituasjonen er bra, men vi bør fortsatt drive opplæring av personar som kan tenke seg å verte trenarar.

11 personar har gjennomført A I kurs
11 personar har gjennomført A II kurs.

Dette var i mars/april 1986. Kursleiar var Jan Runde frå Stranda.

Vårt mål er å få gjennomført fleire vidaregåande kurs for trenarane våre for om mulig å heve nivået innan handballen.

Økonomien i laget har vore vanskeleg dette rekneskapsåret.
Den største årsaka til dette er tapte dansearrangement.

Inntektene våre får vi frå:

Romjulsdans, handballens dag, moteframsyning, Bergsøy-cup,
lynlotteri, tombola, reklame o.l.
Dessutan har vi i år inngått ei sponsoravtale med Sparebanken
Møre. Denne avtalen gjeld for ei 3-års periode.

Foreldreforeininga fungerer godt, og den har vore med under
alle større arrangement.

OVERSIKT OVER DEI EINSKILDE LAGA I GRUPPA FOR SESONGEN 85/86

Herrer 4 div: TRENAR: OLAV KVALSVIK

KRISTIANSUND	16	15	0	1	389 - 301	30
ÅNDALSNES	16	12	0	4	392 - 293	24
ØRSTA	16	10	1	5	434 - 348	21
BRATTVÅG	16	8	1	7	412 - 390	17
ROLLON	16	7	0	9	362 - 380	14
ISFJORDEN	16	6	1	9	321 - 338	13
BERGSØY	16	5	1	10	345 - 374	11
SPJELKAVIK	16	4	2	10	358 - 429	10
GLOPPEN	16	2	0	14	280 - 440	4

Damer 5. div: TRENAR: TOR-SINDRE STEINSVIK

BERGSØY	12	8	3	1	207 - 158	19
GODØY	12	9	0	3	260 - 178	18
MAUSEIDVÅG	12	6	1	5	185 - 179	13
SKARBØVIK	12	5	1	6	201 - 186	11
VOLDA	12	5	1	6	170 - 207	11
VALDER	12	5	0	7	177 - 208	10
ÅMDAL	12	1	0	11	147 - 231	2

Piker 16 år Avd A. 1.div: TRENAR: EDVIN PETTERSEN

STRANDA A	14	13	1	0	237 - 91	27
SPJELKAVIK A	14	10	2	2	183 - 108	22
ROLLON A	14	10	0	4	164 - 121	20
HOVDEBYGDA	14	7	2	5	144 - 122	16
HØDD	14	5	2	7	153 - 150	12
FISKARSTRAND	14	4	1	9	142 - 169	9
BERGSØY	14	3	0	11	111 - 192	6
RINGEN	14	0	0	14	65 - 246	0

Piker 14 år Avd A. 1.div: TRENAR: RUTH FRØYSTAD

SPJELKAVIK A	18	15	1	2	194 - 90	31
STRANDA	18	14	2	2	190 - 118	30
BERGSØY A	18	12	2	4	175 - 104	26
HØDD	18	10	3	5	155 - 120	23
NORBORG A	18	10	0	8	161 - 152	20
FISKARSTRAND	18	4	4	10	121 - 184	12
BRATTVÅG	18	5	1	12	136 - 168	11
ROLLON A	18	4	3	11	115 - 172	11
MAUSEIDVÅG	18	3	4	11	117 - 167	10
VALDER	18	2	2	14	108 - 197	6

Piker 14 år Avd A. 2.div: TRENAR: RUTH FRØYSTAD

HOVDEBYGDA A	18	16	2	0	202 - 90	34
SPJELKAVIK B	18	15	2	1	152 - 74	32
BLINDHEIM A	18	10	4	4	157 - 111	24
BERGSØY B	18	9	3	6	158 - 144	21
LANGEVÅG	18	8	2	8	136 - 124	18
SKARBØVIK	18	8	2	8	131 - 123	18
HAREID A	18	8	1	9	101 - 123	17
RINGEN	18	4	0	14	86 - 138	8
ROLLON B	18	2	1	15	83 - 167	5
HERD	18	1	1	16	63 - 175	3

Piker 12 år avd C: TRENARAR: SISSEL SKJELSVIK/ELI ROKSVÅG

HØDD	14	13	0	1	138 - 64	26
GODØY	14	12	0	2	135 - 65	24
BLINDHEIM	14	8	3	3	117 - 97	19
HERD	14	6	2	6	107 - 95	14
VALDER B	14	4	1	9	98 - 132	9
BERGSØY	14	4	1	9	74 - 114	9
LANGEVÅG B	14	4	0	10	75 - 101	8
ROLLON B	14	1	1	12	45 - 121	3

Gutter 16 år: TRENAR: BJARNE PETTERSEN

BERGSØY	16	16	0	0	378 - 155	32
STRANDA	16	14	0	2	368 - 211	28
SPJELKAVIK	16	10	1	5	270 - 262	21
ØRSTA	16	8	0	8	262 - 251	16
VALDER	16	6	2	8	270 - 300	14
BRATTVÅG	16	7	0	9	257 - 334	14
VOLDA	16	5	1	10	226 - 301	11
RINGEN	16	4	0	12	201 - 283	8
ROLLON	16	0	0	16	176 - 311	0

Gutter 14 år: TRENAR: ØYSTEIN JOHANSEN

SPJELKAVIK	14	12	1	1	265 - 141	25
BERGSØY	14	12	0	2	229 - 137	24
RINGEN	14	10	1	3	222 - 155	21
BRATTVÅG	14	8	0	6	185 - 199	16
VALDER	14	6	0	8	171 - 180	12
STRANDA	14	4	0	10	171 - 213	8
ØRSTA	14	2	0	12	113 - 204	4
ROLLON	14	1	0	13	118 - 245	2

Gutter 12 år: TRENAR: ROAR AASEN

STRANDA	12	11	0	1	145 - 96	22
BRATTVÅG	12	9	0	3	160 - 93	18
SPJELKAVIK	12	7	0	5	142 - 94	14
BERGSØY	12	7	0	5	92 - 90	14
VALDER	12	5	0	7	123 - 105	10
ROLLON B	12	2	0	10	69 - 123	4
RINGEN	12	1	0	11	48 - 178	2

SLUTTABELL NORGESSERTIEN:

1	FJELLHAMMER	15	14	0	1	287	181	28
2	LANGHUS	15	13	1	1	261	212	27
3	HALSEN	15	12	0	3	268	199	24
4	ASKER	15	10	2	3	289	249	22
5	KRAGERØ	15	10	0	5	294	259	20
6	VÅG	15	8	2	5	253	246	18
7	SARPSBORG	15	7	1	7	227	242	15
8	ÅSANE	15	7	1	7	229	249	15
9	KRISTIANSTAD	15	7	0	8	250	239	14
10	OSBORNE	15	5	3	7	228	240	13
11	TINDLUND	15	6	1	8	258	272	13
12	URØDD	15	5	1	9	250	268	11
13	REISTAD	15	4	2	9	263	272	10
14	BÆKKELAGETS	15	3	0	12	250	296	6
15	SANDAR	15	1	0	14	235	300	2
16	BERGSØY	15	1	0	14	184	302	2

Dei som var trenarar for minihandball var:
Roald Johansen, Siv Vestnes og Nina Iren Olsen.

Styret i handballgruppa for 1985/86 vil med dette takke alle spelarar, trenarar, foreldrelag og andre som har hjelpt til, for innsatsen denne sesongen.

Vi vil også takke Herøy kommune og skulane for den velvilje som er vist med hensyn til utlån av lokale etc. Elles vil vi takke dei forretningsdrivande, samt næringslivet og bankane.

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lykke til med det vidare arbeid.

Eggesbønes, den 5. november 1986

Jorunn Aasen
formann

Berit Skjelsvik
sekr.